



Hjelmeland kommune

Politidirektoratet
Postboks 8051 Dep.
0031 OSLO

Dykkar ref..

Vår ref.

11/1062-19/13/13898

Arkivkode:

X31

Dato:

29.09.2013

HØYRING NOU 2013:9 POLITIANALYSEN - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune vil gi følgjande kommentarar og merknader til NOU 2013:9 Politianalysen.

Strukturreformen

Ryfylkeregionen representerer eit stort geografisk område og Hjelmeland kommune er difor svært opptekne av at Rogaland skal bestå som eige politidistrikt, som alt i dag er eit av landets største distrikt med høg befolkningsvekst og eit sterkt næringsliv. Kommunen er positiv til endringane som er foreslått i NOU 2013:9 med omsyn til eit betra tenestetilbod og kortare uttrykkingstider, men me stiller oss tvilande til at ein modell med 6 politidistrikt kan oppretthalde ein tilfredsstillande lokalkunnskap og lokal tilstadevering, ikkje minst når det gjeld førebyggjande arbeid. 10 distrikt vil betre kunne dekke behova.

Fleire av kommunane i vår region har opplevd at omorganisering av politiet dei seinare åra har ført til ei uheldig utvikling. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre uttrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrøt har skjedd.

Store avstandar, rasutsette vegstrekningar og svært raske og store endringar i folkemengda i ferie og høgtider gjer det spesielt viktig å ha fullt bemanna einingar i både ytre og indre Ryfylke representert med kontor i Strand og Sauda med politiposter på Finnøy og i Hjelmeland.

Overføring av oppgåver

Det må og takas omsyn på at fleire av kommunane i Ryfylkeregionen har ei sær stor arbeidsinnvandring og andel utanlandske statsborgarar er like høg som i storbyane. Hjelmeland kommune har til dømes 16% utanlandske statsborgarar. Det er difor viktig at politiet framleis har ansvar for utanlands saker òg med lokal tilstadevering.

Store avstandar og manglande kollektivtilbod gjer det viktig å behalda muligheita for å skriva ut pass slik det er i dag Hjelmeland. Opent "politikontor" ein dag i veka ville dekke vårt behov for dei utan bil og for folk flest. Det er vidare naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåver som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre og var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Rapporten seier lite om kva konsekvensar dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta desse oppgåvene vil få. Dette må utgreiast nærare. Hjelmeland kommune forventar at det saman med oppgåvene følgjer med økonomiske ressursar til eventuelle investeringar, drift og utføring.

Der er særst viktig at kommunane er aktivt med i det vidare arbeidet med omsyn til overføring av oppgåver og organisering, slik at målet med reforma verkeleg blir ei betre og meir synleg polititeneste, både sentralt og i distrikta, samstundes som at overføring av oppgåver gjer publikum ei tilfredstillande teneste i distrikta.

Med helsing
Ordføraren

Trine L. Danielsen
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur